
Fra: Anne Sofie Nergård Uthaug [<mailto:au887@kyrkja.no>]

Sendt: 30. oktober 2019 13:22

Til: Larissa Dahl; 'rolf@din-byggtjeneste.no'

Kopi: Marianne Aadland Sandvik

Emne: RE: Ber om meir informasjon i sak 18/2779-19/20862

-*Informasjon om kva som ligg i ordet «mellombels», dvs. tidsapsekt og kva som vil vere ei endeleg løysing. Vi viser her til pågåande planarbeid for kyrkjegarden (vår referanse 2018/9625), kor det ikkje er omtalt noko behov for ei mellombels brakke.*

Svar:

Mellombels –

- Når arbeidet med kyrkjegardsutviding startar reknar eg med at det ikkje blir mogleg å ha det bygget ståande lengre. Det er snakk om inntil 2 år. Brakkene har elles ingenting med kyrkjegardsutvidinga å gjere.
- Vi venter på å få bygd ei ny kyrkje på Frekhaug som skal avlaste den einaste kyrkja i ein kommune med 8000 innbyggjarar. Den kyrkja vert den endelege løysinga. Meland har svært stor gudstenestesøknad og mange barn og barnefamiliar på gudstenestene. Vi har mange dåp pr år. Det kan hende mangel på rom fører til at vi må flytte gudstenester til ein skule eller liknande, viss vi ikkje kan få eit mellombels bygg, eller når det må vekk. Pr no har vi ikkje kapasitet til å flytte gudstenestene.
- Vi har behov for eit stort dåpssakristi, to lokale for ein todelt søndagsskule (over og under skulealder). Kapasiteten i noverande tilbygg er pressa til det ytterste/over det som er forsvarleg

-*Om det har vore diskutert mogelegheiter for å nytte den noverande kyrkjestova/det gamle kommunehuset, evt andre bygningar i nærleiken, til mellombels søndagsskule*

Svar:

Ja, det har vi sjølv sagt tenkt på. Den noverande kyrkjestova blir brukt til søndagsskule allereie. Tilbygget blir brukt til dei minste borna under skulealder. Det vil ikkje fungere å sende dei så langt vekk frå foreldra som kyrkjestova er – og vi vil like fullt ha bruk for to separate lokale. Det fins ikkje andre tilgjengelege bygg i nærheten som vi kan bruke til søndagsskule.

Eg inviterer gjerne alle som har tankar om korleis vi skal drive vårt frivillige arbeid for barn om å kome på ei gudsteneste med 4-5 dåp med tilhøyrande dåpsfamiliar. Då kan det gjerne vere opptil 40 barn og vaksne på søndagsskulen for dei minste. Det vil illustrere problemet ganske lett.

(Tilbygget vårt på ca 80 kvm inneheldt ein gang, eit HC-toalett, to andre toalett, eit lager (tidlegare bårerom) med vaskeromskrok og plass til å lage kyrkjekaffi, eit mini dåpssakristi på 5-6 kvm og eit tidlegare dåpssakristij/no søndagsskulerom på ca 20 kvm.)

Brakkene står og ventar på ei samanbygging og dei blir øydelagte av å stå berre tildekkja med plastikk som no. Eg ber om at de ikkje gir utvida frist.

Med venleg helsing

Anne Sofie Nergård Uthaug

Kyrkjeverje i Meland

Tlf 56171485

Mobil 40462647

From: Larissa Dahl [<mailto:larissa.dahl@meland.kommune.no>]
Sent: Wednesday, October 30, 2019 11:53 AM
To: rolf@din-byggtjeneste.no
Cc: Anne Sofie Nergård Uthaug <au887@kyrkja.no>; Marianne Aadland Sandvik <marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no>
Subject: Ber om meir informasjon i sak 18/2779-19/20862

Hei!

Vi har mottatt følgende spørsmålene i saka frå fylkeskommune. Sjå nedanfor.

Kan Dere svare på to siste spørsmålene? Jeg svarer på det første
Jeg har snakket med Grete Mjelde Miljøretta helsevern i Lindås. Hun har ikkje mottatt noen svar på
sine spørsmål. Vi er enig at deres tiltak ikke går under kommune sitt ansvar, men hun må uttale seg
likevel. Det blir ikke like strenge krav til søndagsskole som til vanlig kommunal skole/barnehage.

Plan avd. mener at det er ikke behov for møte vedr. framtidig plan for kirkegård, siden det er tatt
stilling til selve gravplass og veg, ikke offentlig bygg formål.


Jeg kan konferere saken med Marianne Aadland Sandvik om vi kunne gi mellombels dispensasjon
med begrenset varighet for brakker så lenge det er ikke i strid med eksisterende situasjon på tomta,
skjønt det slik at regulerte parkeringsplassene i nåværende plan ble aldri etablert i samsvar med
planen.

Dere må svare til statens vegvesen også. Disse ble videresendt tidligere i dag. Så venter vi på uttale
fra biskopen

Med vennleg helsing

Larissa Dahl

Rådgiver Plan- utbygging og kommunal teknikk



Fra: Helene Moe [<mailto:Helene.Moe@hfk.no>]
Sendt: 28. oktober 2019 14:57
Til: Larissa Dahl; Postmottak Meland
Emne: Ber om meir informasjon i sak 18/2779-19/20862

Hei,

Vi viser til dykker brev av 08. oktober, dykkar referanse 18/2779-19/20862, oversending av
dispensasjonssøknad - mellombels søndagsskule på gnr 17/4 ved Meland kyrkje. (Vår referanse:
2019/18083.)

For å kunne handsame saka, treng fylkeskommunen å få oversendt meir informasjon frå kommunen:

- Kommunen sin vurdering av saka
- Informasjon om kva som ligg i ordet «mellombels», dvs. tidsapsekt og kva som vil vere ei endeleg løysing. Vi viser her til pågåande planarbeid for kyrkjegarden (vår referanse 2018/9625), kor det ikkje er omtalt noko behov for ei mellombels brakke.
- Om det har vore diskutert mogelegheiter for å nytte den noverande kyrkjestova/det gamle kommunehuset, evt andre bygningar i nærleiken, til mellombels søndagsskule

For ordens skuld gjer vi merksam på at vi vil trenge utvida frist for å handsama saka, grunna trong for meir informasjon.

Venleg helsing

Helene Moe

Seniorrådgjevar

Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkeskonservatoren



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Tlf: 489 93 922 | www.hordaland.no